

Årsmelding for Vikedal Elveigarlag 2012

Styret dette året har vore:

Leiar	Berge Kjell Opsal
Nestleiar	Jostein Hallingstad
Kasserar	Per Moland
Sekreter	Morten Gjerde
Styremedlem	Halvard Roaldkvam
1 Varamedlem	Geir Magne Gjerde
2 varamedlem	Peder L. Blikra
Revisor	Ola G. Gjerde

Laget har hatt 2 styremøte, ellers går informasjonen pr. telf. og mail.

Elveigarlaget søkte om utvidelse av fisketid med 2 veker, dette fekk me fiskeforvaltaren sjå Fylkesmannen med på, Direktoratet for naturforvaltning sette stemplet på det, og nå er det ute til høyring, frist 1 april. Fiske vert då frå, 24.06 til 04.08 2013, med like reglar som 2012.

Den posetive utviklinga me såg i 2010 og 2011 sesongen har fortsatt i 2012. Gytefisketellingane i 2012 syner at gytebestandsmålet er nåd med god margin. Det vert talt totalt 626 laks, fordelt på 199 smålaks, 30% hunnlaks, snitt 2 kg. 369 mellomlaks, 70% hunnlaks, snitt 5 kg. 58 storlaks, 55% hunnlaks, snitt 8 kg. Forutsatt at ein har talt 80% (endeleg har me fått gjennomslag for dette) av gytefiske gir dette ein måloppnåelse på om lag 280%. Under sportsfiske i Vikedalselva vert det i 2012 avliva 156 laks. Dette gir eit fangstuttak på 17%. Gjenutsatt fisk 200 stk, blanding aure og små laks, av desse var 15 laks over 3 kg.

Elveigarlaget har søkt Havbruksnæringens Landsforening, Miljøfond om støtta til utfisking av oppdrettslaks i elva. Det er pr. 31.12 2012 løyvt kr 50 000,- , men me har ikkje fått noko tibakemelding om at dette er OK.

Jostein Hallingstad har teke seg av oppsynet, ute i fjorden er me maktalause.

Arild Vestbø står på i fossen med ettersyn, så oppdrettslaksen ikkje skal få lura seg forbi.

Kjetil Gilje er vår mann når det gjeld nettsida. Han lagde eit kjempe opplegg med fangstraportering på sms. Torleif Grimås går basark når han ser oppdrettslaks. Prøvefiske med skjellprøvar, for å sjå om det er innslag av oppdrettsfisk. Dette tar Arild Vestbø seg av, saman med Geir Hansen og Torleif Grimås. Tusen takk skal dåkke ha for innsatsen.

Medlemmer i Vikedal Elveigarlag, 44 grunneigarar, 1 grunneigar ikkje medlem.

Vikedal Elveigarlag

Berge Kjell Opsal

Leiar